

**Kjøp-/salskontrakt**  
mellom  
**Sogn og Fjordane fylkeskommune**  
og  
**Førde kommune**  
om  
**Hafstad vidaregåande skule, Førde**

Følgjande kontrakt er inngått mellom:

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Organisasjonsnummer: 941 388 841  
Adresse: Askedalen 2  
6863 Leikanger  
heretter omtala som **Seljar**

og

**Førde kommune**

Organisasjonsnummer: 963 923 511  
Adresse: Hafstadvegen 42  
6800 Førde  
heretter omtala som **Kjøpar**

Både Seljar og Kjøpar er i samanslåingsprosessar, og vil frå 01.01.2020 bli del av henholdsvis Vestland fylke og Sunnfjord kommune. Avtalen skal slutførast av dei nye rettssubjekta.

**1 Bakgrunn for kjøpet**

Partane har gjennom vedteken intensjonsavtale datert 15.01.2018 vore samde om utvikling av eit nytt fylkeskommunalt opplærings- og kompetansesenter på Indre Øyrane i Førde.

I den samanheng skal eigedommen Hafstad vidaregåande skule seljast frå Seljar til Kjøpar. Intensjonsavtalen skal avløyast av endeleg avtale om overtaking og kjøp. Dette er bakgrunn for denne avtalen.

## **2 Egedomen**

Seljar overdreg til Kjøpar fylgjande matrikkeleiningar i Førde kommune, inklusiv påståande bygg og anlegg, samt alle rettar og plikter som fylgjer med eigedomane.

Gnr./bnr. 61/139, 61/378, 61/470, 61/413, 61/138, 61/72 og 61/42. Eigedomane er synt i vedlagt kartutsnitt og blir heretter samla omtala som Egedomen

Eigedommen blir seld fri for pengehefte. Kjøpar har fått framlagt grunnbokutskrifter og gjort seg kjent med desse. Følgjande hefte skal slettast før overtaking:

- 

Seljar stadfester ved underskrift av denne avtalen at det ikkje er kjende forhold ved Egedommen som kan ha betydning for Kjøpar, og som ikkje kjem fram av takst eller andre salsdokument som Kjøpar er gjort kjend med.

## **3 Kjøpesum**

Kjøpar betalar 90 mill. NOK for Egedommen.

Endeleg oppgjer skal regulerast frå avtalen er signert fram til overtakingstidspunkt med kommunal deflator.

## **4 Overdragingskostnader**

Kjøpar betalar alle kostnader som gjeld gebyr og avgifter tilknytt eigedomsoverdraginga.

## **5 Oppgjer og heimsoverdraging**

Seljar skal fjorten dagar før overtakingsdato sende faktura til Kjøpar for innbetaling av kjøpesummen. Seljar utferdar skøyte så snart Kjøpar har betalt kjøpesummen, og sender dette til tinglysing. Kjøpar må før dette tidspunktet ha levert eigenfråsegn om konsesjonsfritak for ervervet til kommunen. Ved forseinka betaling av kjøpesummen må Kjøpar svare renter etter forseinkingsrentelova frå fristutløpet til betaling skjer.

## **6 Overtaking og bruksrett**

Kjøpar overtek eigedomen ved betaling av kjøpesummen. Overtakinga er planlagt til **15.01.2023**. Overtakingstidspunkt kan bli endra då det skal tilpassast ferdigstilling av og innflytting i den nye samla vidaregåande skulen i Førde slik at Seljar kan flytte ut av Hafstad vidaregåande skule. Overtaking kan ikkje krevjast før nemnde tidspunkt. Seljar plikter å orientere Kjøpar om forhold som kan føre til forskyving av overtakingstidspunktet.

## **7 Gjennomgang av bygg og anlegg**

Før overtaking skal partane gå gjennom bygg og tekniske anlegg ved ei felles synfaring. Seljar overleverer det som eksisterer av driftsmanualar og tekniske spesifikasjonar for alle tekniske anlegg. Seljar gir ei innføring i drift av dei tekniske anlegga.

## **8 Atterhald om tilstanden til eigedomen**

Kjøpar overtek eigedomen med påståande bygningar og tekniske anlegg i den stand dei er i, jf. avhendingslova §3-9.

Seljar skal ha utført alt periodisk og planlagt vedlikehald fram til overtaking, samt ha utbedra eventuelle skader som har oppstått i perioden frå inngåing av kontrakten til overtaking. Dette gjeld òg for feil eller manglar som har oppstått tidlegare, og som Kjøpar ikkje er gjort uttrykkeleg kjent med, og har akseptert at ikkje skal rettast. Eventuelle pålegg som gjeld eigedommen må også følgjast opp av Seljar.

Kjøper kan gjere mangel gjeldande dersom det ligg føre vesentleg mangel, det er gitt feil opplysingar, halde tilbake opplysningar, eller dersom Seljar ikkje har oppfylt sine plikter til vedlikehald og utbetring.

## **9 Vedlegg**

Kartutsnitt over eigedomen fylgjer vedlagt. Driftsmanualar og tekniske spesifikasjonar vert overlevert på felles synfaring før overtaking, jf. pkt. 6.

Grunnbokutskrift for dei matrikelnummera som inngår i Eigedomen.

## **10 Signatur**

Kontrakten er utferda i to eksemplar, eit til Seljar og eit til Kjøpar.

Stad og dato

---

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Stad og dato

---

---

Førde kommune